



ÅL KOMMUNE

# Referat hyttemøte – Ål kommune

**Stad:** TEAMS, 23.02.2023  
**Til stades frå stab:** Ordførar Solveig Vestenfor  
Rådmann Karsten Popp Dideriksen  
Næringsutviklar Staffan Ring Landsmann-Wiwe  
Rådgjevar jordbruk Ingvild Sundgot  
Avdelingsleiar Servicetenester Bente Vestby  
Ål Turistinformasjon ved Ann Holm  
Dagleg leiar Hallingdal Næringshage Tom Roll

## Sak 1: Velkomen

Ordførar Solveig Vestenfor ønska velkomen til digitalt møte for alle hytteålingar.

Det har vore diskutert fysiske møter kontra digitale, men då berre 8-10 personar møter ved fysiske møter og 50-60 ved digitale, er valet enkelt. Dessverre vil nokon falle utanom dei digitale møta, men ordførar er å treffe på Ålingen ein dag kvar månad. Neste ordførarprat på Ålingen er 16. mars, 11. april og 10. mai, kl. 15-16, og alle er velkomen til å ta ein prat.

Solveig presenterte dei ho hadde med seg i møtet frå kommunen, Hallingdal Næringshage og Ål Turistinformasjon. Ordføraren oppfordrar alle gå innom turistinformasjonen på Ålingen og registrere e-postadressa slik at turistinformasjonen kan spreie info til flest mogleg. Alle som kjem innom og registrerer e-postadresse får ei overrasking!

Ny brosjyre Opplev Ål med løypekart og aktivitetar er no tilgjengeleg på Turistkontoret, Servicetorget i kommunen og i enkelte butikkar. Løypekart over Torpo er eigen brosjyre tilgjengeleg på same stad. Nettsida Kva skjer i Hallingdal vart presentert. Her finn du alle arrangement som skjer i Hallingdal framover: <https://kvaskjer.hallingdal.no/>

Hallingdal har no vorte eit berekraftig reisemål. Det er eit kvalitetsmerke for norske reisemål som syner betydeleg og kontinuerleg innsats for auka berekraft i reiselivet. Det betyr også at vi har innfridd ei rekke krav innanfor følgjande områder:

- bevaring av natur, kultur og miljø
- styrking av sosiale verdiar
- økonomisk levedyktig
- god lokal forankring og godt samarbeid.

Ål kommune arbeider nå mot re-sertifisering om 3 år.

Det skal etablerast bærekraftsenter på Torpomoen, og her vil det finnast verktøy og inspirasjon for å arbeide med heilskapleg utvikling, haldbare løysingar, og tilbodet er opent for alle.

Det arbeidast med ny tursti Breie - Vest-Kleivi. Snart kan ein bevege seg trafiksikkert rundt heile Strandafjorden med unntak av ei bru ved Breie. Her er kommunen i dialog med Statens Vegvesen om utbetring.

Ål og Hallingdal har som mål å bli Skandinavias største terrengsykkeldestinasjon og akkurat no byggast det fleire stigar i Hallingdal enn nokon anna stad i landet. No er det snart sykkelstig som går





ÅL KOMMUNE

heile vegen frå Ål til Geilo på Veståsen, og frå Votndalsåsen til Torpoåsen. Nyaste stigen går frå Oppheimsåsen til Øknin, og dette er eit spleiselag mellom Ål kommune, grunneigarar og tippemidlar.

Ål kommune har auka løypetilskotet med halv million for dei som køyrer skiløyper i kommunen.

Eigedomsskatten er redusert frå 3 til 2 promille.

## Sak 2: Hyttehallingen

Dagleg leiar i Hallingdal Næringshage, Tom Roll presenterte næringshagen og kva dei arbeider med og har som mål framover. Næringshagen ser no på moglegheita for å styrke næringslivet i Hallingdal ved å mobilisere og involvere hyttehallingar langt sterkare.

Dei har følgjande delmål:

1. Avklare potensialet i hyttebefolkninga for å etablere eller drive næring i Hallingdal, eller bidra inn i eksisterande næringsliv i Hallingdal
2. Avklare lokalt næringsliv sin interesse i å få aktive hyttehallingar med i næringsutvikling i Hallingdal eller anna involvering
3. Avklare om det er grunnlag for å gå vidare med eit hovudprosjekt eller ein plan for vidare arbeid der type næring, eventuelle investeringsbehov, behov for næringsareal og arbeidskraft kjem fram.

Resultatmål:

- Kartlegge interessa for deltaking i lokalt næringsliv hos hyttehallingane, kva skal til for å lykkast, kva slags næring er aktuell, korleis involvere lokalt næringsliv
- Prosjektet skal involvere:
  - o Min. 3 – 6 hyttehallingar i kvar kommune skal delta (ca. 15000 hytter i heile Hallingdal)
  - o Min. 10 bedrifter i Hallingdal er aktivt med i prosjektperioden
  - o Alle kommunane i Hallingdal
  - o Hallingdal Næringshage og Hallingdal Etablerersenter
- Avklare møtearenaer, fysisk eller digital som er aktuelle for hyttehallingen
- Gjennomføre møter med hyttehallingar og lokalt næringsliv, innovasjonslab.

Dette skal gje ein langsiktig effekt og overføringsverdi som skal styrke Hallingdal som ein attraktiv bu- og arbeidsregion med vidareutvikling av Hallingdal som ein vekstkraftig distriktsregion.

Skape nettverk mellom hyttehallingar, lokalt næringsliv og offentlege myndigheiter, samt gje merksemd om dei moglegheitene som er i Hallingdal. Tettare samhandling mellom lokalt næringsliv og hyttehallingar vil gje breiare engasjement og auka verdiskaping for eit berekraftig samfunn.

Profilering av Hallingdal og styrka omdømme – nye hallingdal.no for hyttehallingen, samt skape nye berekraftige arbeidsplassar i Hallingdal.

Alle interesserte er velkomen til å ta kontakt på [post@nhage.no](mailto:post@nhage.no) eller telefon 97686000 om dette høyrer interessant ut.

## Sak 3: Orientering frå næringsutviklaren

Staffan Ring Landsmann-Wiwe orienterte om kva som er av planar i Ål kommune framover, og kva som har skjedd siste tida:

- Ålingen kjøpesenter er no fylt opp av butikkar i alle etasjane, så no får vi alt vi treng på Ål.





ÅL KOMMUNE

- Døgnopen butikk i Leveld, Samhald, har hatt stor suksess. Her får du både daglegvarer og lokal mat, det er ein liten kafé og golfsimulator der.
- Joker Torpo har òg veldig god utvikling.
- Stor suksess med alle ladepunkta til el-bilar på Sundre, og det jobbast no med ladepunkt på kulturhuset.
- Kommunens Bu- og blilyst-prosjekt som leiast av Anne Nordheim samarbeider no med lokale krefter for å skape eit betre utemiljø ved kulturhuset for barn og unge.
- Ved badeplassen langs Elvelangs, Oppsjø, kjem det badstue no i vår. Her er det også både WC og dusjfasilitetar, og det er òg mogleg å låne utstyr (våttrakter o.a.) der.
- For dei som arbeider på heimekontor frå hytta og tykkjer det blir einsamt, er det no mogleg å få plass i eit kontorfellesskap. Ta kontakt med Staffan på e-post: [Staffan.Landsmann-Wiwe@aal.kommune.no](mailto:Staffan.Landsmann-Wiwe@aal.kommune.no) eller telefon 48 348 93.
- Ål kommune har opna for at dei som har hytter i områder med vinterbrøytta veg og som er kopla på vatn og avløp, eller har godkjent avløpsordning dimensjonert for heilårsbruk, kan søke om mellombels dispensasjon for å bruksendre hytta til heilårsbustad i inntil fem år. Det er ikkje sakshandsamingsgebyr på søknaden. Husstandar i kommunen som har straumavtale med Ål Kraftverk KF får kommunal straumrabatt i tillegg til statleg kompensasjon.\*

**Slik søker du:**

1. Send ut nabovarsel til hyttenaboar. Adresser får du hjå Servicetorget. Legg ved søknad om dispensasjon frå reguleringsplanen.
2. Etter at nabofristen er utgått kan du sende søknaden om dispensasjon til Ål kommune saman med evt. merknader frå naboar, dine kommentarar til desse, dokumentasjon på dimensjonert vatn- og avløpsanlegg, og dokumentasjon på kartlegging av skred og flaumfare.

Spørsmål? Kontakt Servicetorget på tlf. 32 08 50 00 for meir informasjon.

- Det jobbast med ny arealplan for Ål kommune og prosjektet er delt i to; bustad/næring og fjellområde (vekst/vern/fortetting/nye hytteområde).

#### **Sak 4: Beitebruk og hytteturisme**

Rådgivar jordbruk Ingvild Sundgot orienterte:

- Ål kommune består av 0,6% bygg/samferdsel, 3,5% jordbruksareal, 7.9% vatn og 88% utmark.
- I 2020 var det totalt 22116 beitedyr i kommunen, og Ål er den kommunen med flest beitedyr i Buskerud. Dette kan være kjelde til konflikt då dei beste beiteområda ofte er der hytteområde. Det er viktig å kunne produsere mat der vi kan, men vi ønsker sjølvstøtt å unngå konflikt.
- Ål kommune arbeider no med eigen plan for beitebruk og hytteturisme som skal godkjennast i april.





ÅL KOMMUNE

- I møte med beitedyr er det viktig å hugse på følgjande.
  - Hald avstand – la dyra få ro.
  - Unngå mating.
  - Ha hunden i band – hugs bandtvang: - generelt 01.04.-31.10
    - i maskinpreppa skiløyper 15.12.-01.04
  - Lukk grinder du går igjennom.
- Ein kan gjerde 400 m rundt hytta, men det er viktig å hugse på og bruke sauesikre gjerder. For at gjerdet skal reknast som sauesikkert må det vera tett og utan moglegheit for at dyra kan setje seg fast. Grinda må vende ut slik at ikkje dyr tar seg inn men ikkje ut att.

### Sak 5: Innspel frå hytteålingar

1. Lysforureining:  
Hytteåling på Votndalsåsen ønsker seg mindre utelys på hyttene og at kommunen lagar regler for bruk.  
Svar frå kommunen: Bruk av utelys kan ikkje regulerast, men reguleringsplan kan si noko om at det skal avgrensast til inngangspartiet, og at det nyttast dimming. I den nye reguleringsplanen vil dette kome inn for nye hytter, men for eksisterande hytter kan vi berre oppfordre til mindre bruk og dimming.
2. Vinterbrøyta vegar:  
Vegar blir vinterbrøyta lenger enn det som står i reguleringsplan. Fleire av desse vegane kryssar skiløypene, og då kjem det ofte grus inn i skisporet og dermed blir dyre ski øydelagt.  
Svar frå kommunen: Det er dei enkelte vegstyra og grunneigarar for dei private vegane som bestemmer over dette, så dei som har spørsmål må ta kontakt der. Det bør kunne løysast ved at løypene leggast utom vegane eller at dei som brøyter løfter fresen når dei passerer løypa.
3. Straumrabatt:  
Det har kome mange innspel, særleg frå Sangefjell, om kommunen vil innføre straumrabatt til hytteålingane. Det er kjent at Ål kommune har god inntekt frå kraftproduksjon, og ein meiner at då vil fleire nytte hytta, og dermed legge att pengar hos lokalt næringsliv.  
Svar frå kommunen: Det er viktig å presisere at ingen hytteeigarar i kommunen, heller ikkje dei som bur i Ål har straumstøtte på hytta. Ål kommune ventar no på kva som kjem av nasjonale føringar i budsjettet for 2024, før det eventuelt blir endringar. Alle som gjer tiltak på hytta bør spare kvitteringane tilfelle det kjem støtteordning.

